

Saksnr: 2019/90-1  
Saksbehandlar: Snorre Waage

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

**Regional plan for Hardangervidda - Vedtak****Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget vedtek med heimel i plan- og bygningslova §8-4 Regional plan for Hardangervidda 2019-2035
2. Det vert føresett likelydanes vedtak i Telemark fylkeskommune og i Buskerud fylkeskommune.

**Samandrag**

Fylkeskommunane i Buskerud, Telemark og Hordaland vedtok som del av sine regionale planstrategiar (2017-2020) å rullere Regional plan for Hardangervidda. Arbeidet starta opp i 2017 med Hardangerviddarådet som styringsgruppe. Planforslaget har no vært ute til høyring og Hardangerviddarådet har drøfta planen med bakgrunn i høyringsinnspela. Fylkesrådmann rår til at Hardangerviddarådet sitt forslag til plan verdt vedteken.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Paal Fosdal  
påtroppande fylkesdirektør for  
strategisk utvikling og digitalisering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Buskerud, Telemark og Hordaland fylkeskommunar vedtok hausten 2016, i sine regionale planstrategiar, å rullere Regional plan for Hardangervidda 2011-2025.

Med bakgrunn i dette hadde de tre fylkeskommunane våren 2017 tilnærma like saker i sine fylkesutval om rulleringa. Planprogram for planarbeidet vart deretter utarbeidd. Dette ble, etter høyring og offentleg ettersyn, vedteken av fylkesutvala vinteren i 2017/2018. Planarbeidet er i all hovudsak gjennomført i samsvar med planprogrammet.

Hardangerviddarådet har vært styringsgruppe for planarbeidet. Dette rådet består av ordførar (eller ein annen sentral politikar) i kvar av dei ni Hardangervidda-kommunane, to sentrale politikarar frå kvar av fylkeskommunane, ein representant frå kvar av dei tre fylkesmenna og leiar av villreinnemnda. Hordaland fylkeskommune sine medlemmer har vore Linda Jondahl og Gustav Bahus.

Planarbeidet har vore gjennomført med prosjektleiar i Buskerud fylkeskommune. Prosjektleiar samarbeider gjennom ein administrativ gruppe tett med administrasjonane i dei aktuelle kommunane, fylkeskommunane, fylkesmenna og villreinnemnda.

### Om formålet med Regional plan for Hardangervidda.

Gjeldande plan sine målsetnader vert vidareført i ny plan. Hovudformålet er definert slik:

*Hovedformålet med fylkesdelplanen er å komme fram til en langsiktig og helhetlig strategi for bruk av arealer som er viktige leveområder for villreinen eller påvirker villreinens leveområder. Særlig sentralt vil det være*

- *å sikre villreinen tilstrekkelige leveområder og langsiktig gode livsvilkår.*
- *å sikre lokalsamfunnene rundt Hardangervidda gode muligheter for nærings- og bygdeutvikling.*
- *å legge til rette for friluftsliv og naturbasert næringsliv.*

### Om høyringa i dei tre fylka

Fylkesutvala vedtok høyring og offentleg ettersyn av planutkast i møter våren 2019.

Høyringa vart gjennomført i mai og juni 2019. Høyringa vart kunngjort i aktuelle lokale aviser og det vart gjennomført eitt høringsmøte i kvar av dei tre fylka.

Det kom inn 89 innspel. Alle høyringsinnspel er oppsummert og administrativt vurdert i notat som vart utarbeida som grunnlag til Hardangerviddarådet sine drøftingar 19.09.2019. Hardangerviddarådet sine konklusjonar frå desse drøftingane kjem fram av møtereferatet. Disse dokumenta kan lesast på den regionale planen sin nettside [www.regionalplan-hardangervidda.no](http://www.regionalplan-hardangervidda.no).

I høyringa sto følgjande spørsmål særlig sentralt:

- om ein skal opne for eit prøveprosjekt med vinterbrøyting over lmingfjell eller om vegen fortsatt skal vere vinterstengd av omsyn til villreinen.
- om Valldalen skal omdefineras frå Nasjonalt villreinområde til Stølsdal
- rammer for turisthytter i Nasjonalt villreinområde

### Viktigaste endringar i planen slik den vert tilrådd frå Hardangerviddarådet

Forslag til rullert plan vert i hovudtrekka vidareført i gjeldande plan, men forslaget inneber nokre endringar av arealsonane, nokre endringar av retningslinjer og gjer eit nytt handlingsprogram. Under er dei viktigaste endringane samla.

Plankartet:

- Eit område ved Heng i Ullensvang herad som er viktig for friluftaktivitetar er omdefinert frå Nasjonalt villreinområde til Fjell og anna utmark

- Heile Valldalen (opp til 900 moh) i Odda kommune er omdefinert frå Nasjonalt villreinområde til Stølsdal av omsyn til lokal bygdeutvikling.
- Område i Sysendalen i Eidfjord er, som oppfølging av vedtak i Kommunal og moderniseringsdepartementet 08.04.2019, omdefinert frå Nasjonalt villreinområde til Fjell og anna utmark med moglegheit for utvikling av alpine aktivitetar. Eigen retningslinje om alpin infrastruktur vert tatt inn i planen for å fange opp føringer i KMD sitt vedtak.
- Nokre mindre områder i Tinn og Vinje er med bakgrunn i nye data om villreinen sin arealbruk omdefinert til Nasjonalt villreinområde.
- I tillegg er det gjort nokre justeringar og endringar knytt til dei andre arealsonene (ikkje Nasjonalt villreinområde) i Odda, Hol, Vinje og Tinn, samt ei lita utviding av planområdet i Rollag. I Odda kommune er desse områda endra; Skåre til Reinsnos, Hildalsdalen, Løyningdalen og Austdalen.

#### Retningslinene:

- Vegen over Imingfjell (mellom Nore og Uvdal kommune og Tinn kommune) skal vere vinterstengt frå bom ved Steinset i Tessungdalen til bom ved Sønstevatn, men med moglegheit for open veg frå Steinset til Småroe (i Tinn kommune) i vinterferien og helger mellom vinterferie og påske. Hardangerviddarådet fraråder prøveprosjekt med vinterbrøyting.
- Turisthytter i nasjonalt villreinområde vert gitt rammar som inneber at det ikkje skal etableres nye overnattingstilbod i Nasjonalt villreinområde, at etablerte turisthytter kan moderniserast og bli forsiktig utvida, at ein i særskilte tilfeller kan vurdere periodevis stenging av hytter og at etablerte turisthytter kan bli flytta for å redusere ferdselen i sårbare og viktige villreinområder.

#### Handlingsprogrammet:

Handlingsprogrammet som vart utarbeida som del av den regionale planen i 2011 er no i hovudsak gjennomført. Det nye handlingsprogrammet videreførar viktige tiltak knytt til oppfølging (som Hardangerviddarådet og kommunal planoppfølging) og endelig fullføring av pågåande prosjekt (som «ferdselskartlegging» og «villrein og ferdsel»). Nye viktige handlingsplanprosjekt er mellom anna:

- Fokusområder – områder som er særleg sårbare for villreinen skal følgjast nøye.
- Felles sti- og løypeplan for nasjonalt villreinområde og naturleg tilgrensande områder. Målsettinga er å ivareta både villrein og friluftsliv.
- Klimaendringane sin effekt på villreinen sine leveområder.

Fylkeskommunane har eit hovudansvar for handlingsprogrammet. Men det inneheld og prosjekt som andre enn fylkeskommunane har hovudansvar for.

#### Om sluttbehandlinga i Hardangerviddarådet 19.09.2019

Hardangerviddarådet vedtok einstemmig i sitt møte følgjande:

*Regional plan for Hardangervidda, med de endringer som flertallet i møte 19.09.2019 vedtok å gjennomføre, sendes til fylkesutvalgene og fylkestingene for endelig sluttbehandling.*

Før dette sluttvedtaket vart det i møtet gjort voteringar over enkeltspørsmål. Rådet var delt på følgjande punkt:

- Arealavgrensning
  - Småroi (Tinn kommune)
  - Valldalen (Odda kommune)
  - Isdalen (Eidfjord kommune)
- Retningsliner knytt til
  - Imingfjellvegen (Tinn kommune og Nore og Uvdal kommune)
  - vegen til Heng (Ullensvang herad)
  - gjerder i utmark
  - turisthytter

Valldalen har i gjeldande plan vært definert som Nasjonalt villreinområde. Men allereie ved slutthandsaming av planen i 2011, vart det påpeikt at spørsmålet om arealsoner for denne dalen skulle diskuterast ved første rullering. Det har i planprosessen og i høyringa vært svært stort engasjement og delte meiningar om dette spørsmålet. Styringsgruppa var og delt i sitt syn, men fleirtalet har anbefalt at heile dalen opp til 900 moh. vert endra til Stølsdal.

Fylkesmenna varsla i høyringa at dei vil fremje vesentlege innvendingar til Imingfjellvegen om anna enn vinterstengt veg frå bom til bom vert vedteken. Dei meiner at mellomløysinga som Hardangerviddarådet rår til, med brøyting til Smårøe i vinterferien og helgene fram til påske, vil bidra til barriereeffekt mot Lufsjåtangen. At dette har vært praktisert i mange år meiner dei ikkje kan tilleggas vekt, då dette har vært i strid med den regionale planen sine retningslinjer.

#### Rådmannen sine særskilte merknader og råd om Imingfjellvegen

I planprosessen har villreinomsyn, lokalsamfunn og næring samt friluftsliv stått sentralt. Eventuelle driftskostnader knytt til vegspørsmål har derimot ikkje vore tema i planprosessen. Med bakgrunn i den store interessekonflikten knytt til vegen over Imingfjell og det faktum at fylkeskommunane eig og driftar denne vegen, ønskjer rådmannen at fylkespolitikarane skal vere merksemd på andre konsekvensar av eit vedtak om å opne for vinterbrøyting.

Statens vegvesen Region sør har på oppdrag frå Buskerud fylkeskommune utarbeidd rapporten «Utredning om vinteropen veg over Imingfjell» datert oktober 2018. Denne gir ein god analyse av dagens situasjon, næringsliv og befolkning, miljø, trafikk og behov (nasjonale, regionale og lokale) samt kostnader. Det er gjennomført trafikkteljingar våren 2018, og det er utført periodiske trafikkteljingar i 2016 og 2017.

Statens vegvesen rår til å ikkje halde vegen open vinterstid. Det er mogleg å halde den open under dei fleste vintertilhøve, men det vert til ein høg kostnad pr. kjøretøy grunna lav trafikkmengde. ÅDT ligg i dag på omlag 150 kjøretøy per døgn. Om trafikkmengda aukar, kan det på sikt skape et behov for ein veldig kostbar forbetring av vegen.

Driftskostnader for vinteropen veg vil ver omlag 3 – 4 mill. eks. mva, men vil variere grunna værtilhøve. Det må settast opp variable skilt for å varsle om stengt veg på Børkjeflåta og Tinn i Austbygd med ein kostnad på om lag 0,7 mill. kr. Første driftsår vil difor kostnaden ligge på 4- 5 mill. kr. Desse kostnadene må bli delt mellom Viken fylkeskommune og Telemark fylkeskommune med 2/3 på Viken og 1/3 på Vestfold-Telemark. Dagens årlege driftskostnader for fjellovergangen er på 1 mill. kr.

Det kan bli naudsynt å stenge vegen ved observasjon av villrein i området. Dette vil krevje ekstra ressursar og gode rutinar på observasjon, varsling av trafikantar og anna tilrettelegging. Dette er ikkje berekna.

Det er ikkje satt av budsjettmidlar til ein vinteropen fylkesveg over Imingfjell. Ein vinteropen veg vil krevje ekstra løyvingar. På bakgrunn av dette rår Fylkesrådmannen til at Fv. 124/fv. 755 Imingfjell ikkje vert halde open gjennom vinteren, heller ikkje som ei forsøksordning.

#### **Vedtakskompetanse**

Planen vert vedteken med heimel i plan- og bygningslova §8-4:

*Regional plan vedtas med endelig virkning av regional planmyndighet dersom saken ikke bringes inn for departementet etter bestemmelsen i andre ledd, eller annet følger av forskrift til § 8-1 andre ledd. Kommunene, fylkesmannen og berørte statlige organer skal underrettes om vedtaket. Et eksemplar av planen sendes til departementene til orientering.*

*Dersom statlig organ av hensyn til nasjonale eller statlige interesser på vedkommendes ansvarsområde, eller kommune som blir direkte berørt av planen, har vesentlige innvendinger mot planens mål eller retningslinjer, kan de kreve at saken bringes inn for departementet, som kan gjøre de endringer som finnes påkrevd. Tilsvarende gjelder ved vedtak av regional planbestemmelse etter § 8-5. Etter at planen er vedtatt, har fylkeskommunen ansvar for å avklare om innvendinger står ved lag og eventuelt sende planen videre til departementet.*

*Selv om saken ikke bringes inn for departementet etter foregående ledd, kan departementet, etter at regional planmyndighet er gitt høve til å uttale seg, foreta endringer i planen ut fra nasjonale interesser. Regional planmyndighet må være underrettet om at planen vil bli endret innen tre måneder etter at departementet har mottatt den.*

Som det kjem fram i loveteksten kan statlege etatar og kommunar som vert direkte rørt av planforslaget, be om at enkeltspørsmål vert brakt inn for departementet. Fylkesmenna har varsla dette i samband med Imingfjellveien.

Etter sluttvedtak i fylkestinga vil kommunane, fylkesmannen og aktuelle statlege organ bli varsla og gitt ein frist for å melde om eventuelle innvendingar er ønska brakt inn til departementet.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Oppfølging av regional plan med handlingsprogram vil gje økonomiske konsekvensar i form av behov for økonomiske ressursar til nokre av prosjekta i handlingsplanen, og bruk av eigen tid for alle involverte partar.

Fylkeskommunane har som planeigarar eit særleg ansvar, og må avklare kva fylkeskommune som skal ha ansvar for å samordne den vidare oppfølginga. Etter oppstart av arbeid med regional plan for Hardangervidda (i 2008) har Buskerud hatt dette ansvaret, men med ei kostnadsfordeling mellom dei tre fylkeskommunane. Om det skal fortsette slik, må bli drøfta med dei aktuelle nye fylka etter nyttår. Rådmannen varslar at det vil bli fremma ei sak om dette etter at planen er vedtatt.

**Klima:** Omsynet til villreinen er det store miljøspørsmålet i denne planen, og rådmannen meiner planen slik den no ligg føre tek i vare villreinen. Ved gjennomføring av det nye handlingsprogrammet vil ein auke kunnskapen om klimatiske høve på Hardangervidda.

**Folkehelse:** Planen ønskjer å legge til rette for ein berekraftig arealforvaltning av Hardangervidda, som både tek i vare omsyn til villrein og som vil sikre friluftsinnteresser som kjem befolkninga til gode.

**Regional planstrategi:** Rulleringa av Regional plan for Hardangervidda er ei oppfølging av regional planstrategi for 2017-2020.

### Konklusjon

Rådmannen/Prosjektleiar (?) rår til at Planutvalet, Fylkesutvalet og Fylkestinget i Vestland sluttar seg til Hardangerviddarådet sine tilrådingar slik dei er framstilt i plankart og planrapport datert 31.10.2019.